

Byar

Arne Olav L. Hageberg
Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet



BEREIST: Eirik Glambek Bøe i Kings of Convenience har sett mange byar.

FOTO: ALTERNA2/FLICKR.COM

Fredag var [arkitekturpsykolog Eirik Glambek Bøe] i Fjell rådhus og heldt foredrag på eit seminar om Straume by under tittelen «Må en by være til bry?».

– Enkelte byar, uansett kor eg er i verda, får meg til å fantasere om at eg er ein person som bur i denne byen. Kvifor greier somme byar det? Medan eg på Ullsmo, der eg er oppvachsen, kjenner meg totalt framand.

Glambek Bøe peika på eit anna trekk ved byane som ikkje lykkast, dei tomme møteplassane. Arkitektane lagar flotte teikningar med folkeliv på. Men når bygga er på plass, viser det seg at det ikkje er eit menneske å sjå.

– Vi menneske likar å gjere ting, dessutan er vi sjenerete. Ingen likar å bli betrakta når dei sit åleine på ei trapp, sa Glambek Bøe, som ønskte Fjell lykke til med å bygge by.

VestNytt 21.6.2011